

## KOMMISJONSVEDTAK

2006/EØS/30/29

av 10. november 2003

om mellombels marknadsføring av visse frø frå arten *Vicia faba* L. som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 66/401/EØF(\*)

(meldt under nummeret K(2003) 4113)

(2003/795/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om  
markedsføring av frø frå førvekster<sup>(1)</sup>, sist endra ved direktiv  
2003/61/EF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 17 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I Det sameinte kongeriket er mengda med tilgjengelege frø av haustsortar av bønnevikke (*Vicia faba* L.) som er eigna for dei nasjonale klimatiske tilhøva og som stettar krava i direktiv 66/401/EØF med omsyn til spireevne, ikkje tilstrekkeleg og kan difor ikkje dekkje etterspurnaden i denne medlemsstaten.
- 2) Det er ikkje mogleg å dekkje etterspurnaden etter frø frå denne arten på ein tilfredsstillande måte med frø frå andre medlemsstatar eller frå tredjestatar, samstundes som alle krava i direktiv 66/401/EØF vert stetta.
- 3) Det sameinte kongeriket bør difor fram til 30. november 2003 få løyve til å marknadsføre frø frå denne arten som er underlagde mindre strenge krav.
- 4) Utan omsyn til om frøa er hausta i ein medlemsstat eller i ein tredjestat som er omfatta av rådsvedtak 2003/17/EF av 16. desember 2002 om likeverd for feltinspeksjonar som er utførde i tredjestatar med omsyn til frøproduserande planter, og om likeverd for frø som er produserte i tredjestatar<sup>(3)</sup>, sist endra ved vedtak 2003/403/EF<sup>(4)</sup>, bør andre medlemsstatar som er i stand til å forsyne Det sameinte kongeriket med frø frå denne arten, få løyve til å tillate marknadsføring av slike frø.

5) Det sameinte kongeriket bør fungere som koordinator for å sikre at den samla mengda med frø som løyvet omfattar i medhald av dette vedtaket, ikkje overstig den største mengda som er fastsett i dette vedtaket.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Fram til 30. november 2003 er det tillate med marknadsføring i Fellesskapet av frø frå haustsortar av bønnevikke (*Vicia Faba* L.) som ikkje stettar dei krava som er fastsette i direktiv 66/401/EØF med omsyn til minste spireevne, dersom dei vilkåra som er fastsette i vedlegget og dei følgjande krava, er stetta:

- a) spireevna er minst slik som det er fastlagt i vedlegget til dette vedtaket,
- b) den offisielle etiketten skal vere påført opplysningar om kva spireevne som er fastlagt i den offentlege frøkontrollen som er utford i medhald av artikkel 2 nr. 1 del C) bokstav d) i direktiv 66/401/EØF,
- c) frøa skal vere marknadsførde første gongen i samsvar med artikkel 2 i dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Ein leverandør av frø som ønskjer å marknadsføre dei frøa som er nemnde i artikkel 1, skal levere inn søknad om løyve til medlemsstaten der han/ho er etablert eller som han/ho importerer til.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 296 av 14.11.2003, s. 32, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 17/2004 av 19. mars 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 22 av 29.4.2004, s. 2.

<sup>(1)</sup> TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

<sup>(2)</sup> TEU L 165 av 3.7.2003, s. 23.

<sup>(3)</sup> TEF L 8 av 14.1.2003, s. 10.

<sup>(4)</sup> TEU L 141 av 7.6.2003, s. 23.

Den medlemsstaten som det gjeld, skal gje leverandøren løyve til å marknadsføre den frømengda som han/ho har søkt om løyve til, med mindre:

- a) han er i sterk tvil om leverandøren er i stand til marknadsføre den frømengda som han/ho har søkt om løyve til, eller
- b) den samla mengda som det er gjeve løyve til å marknadsføre i medhald av det aktuelle unntaket, vil overstige den største mengda som er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

#### *Artikkel 3*

Ved gjennomføringa av dette vedtaket skal medlemsstatane gje kvarandre administrativ hjelp.

Det sameinte kongeriket skal fungere som koordinerande medlemsstat med omsyn til artikkel 1 for å sikre at den samla mengda som det er gjeve løyve til å marknadsføre, ikkje overstig den største mengda som er fastsett i vedlegget.

Medlemsstatar som mottek ein søknad etter artikkel 2, skal straks melde frå til den koordinerande medlemsstaten om den mengda som er førd opp i søknaden. Den koordinerande

medlemsstaten skal straks informere den medlemsstaten som har gjeve meldinga, om godkjenninga av søknaden vil føre til at den største mengda vert overskriden, eller ikkje.

#### *Artikkel 4*

Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane om kor store mengder med frø som det er gjeve løyve til å marknadsføre i medhald av dette vedtaket.

#### *Artikkel 5*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 10. november 2003.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

#### *VEDLEGG*

Art	Sort	Største mengd (tonn)	Minste spireevne (% av reine frø)
<i>Vicia faba</i> L.	Clipper, Target, Wizard	2 891	75